

TRIVSELSREGLAR FOR TAU SKOLE

Desse trivselsreglane gjeld for Tau skole, og er godkjende i Samarbeidsutvalet 12.05.2016.

Trivselsreglane skal gjerast kjende for elevar og føresette. Reglane inneholder reglar om åtferd, tiltak og framgangsmåte ved brot på reglementet.

Sanksjonar som ein ikkje finn i trivselsreglane kan ikkje nyttast. Fysisk refsing eller anna krenkande behandling må i alle tilfelle ikkje takast i bruk.

Generelt må ein skilja mellom reaksjonar for brot på trivselsreglane og lovlege pedagogiske verkemiddel som tilsette kan nyitta i klasseleiinga. Dei pedagogiske verkemidla står til rådvelde for læraren som klasseleiar, og treng ikkje vera skrivne ned i eit ordensreglement. Pedagogiske verkemiddel skal her oppfattast som typiske, spontane reaksjonar på elevåtferd, både positive og negative.

Vi viser elles til reglement for orden og oppførsel (Ordensreglement) ved Tau skole, vedteke i Samarbeidsutvalet 29.08.2017

Kvar einskild elev har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring (elevane si "arbeidsmiljølov", § 9a i Opplæringslova). For oss er det viktig at elevane sine mange gode handlingar/aktivitetar blir sedde og fylgde opp med positiv tilbakemelding.

Våre forventingar

- Vi vil ha ein skole som er fri for mobbing.
- Vi vil ha ein skole som er fri for banning og bruk av stygge ord.
- Vi vil ha ein skole som er fri for slåssing, enten det er tøys eller alvor.
- Vi vil ha ein skole som er fri for hærverk og øydelegging av inventar.
- Vi vil ha ein skole som er fri for forstyrrende åtferd.

Som elev på Tau skole...

- veit eg at det er dei vaksne som bestemmer
- viser eg respekt i ord og handlingar overfor vaksne og elevar
- gjer eg melding til ein vaksen viss eg ser noko gale som skjer
- fylgjer eg STOPP-regelen
- har eg ansvar for å møta opp til riktig tid/avtalt tid
- veit eg at eg ikkje spring i gangane eller oppheld meg der når det ikkje er nødvendig
- veit eg at sko og yttertøy skal vere på tilvist stad på gangen
- går bort frå skoleområdet bare etter avtale med ein vaksen
- veit eg at områda for sykkelparkering, bilparkering og busslomme ikkje er område for leik
- bruker eg hjelm når eg syklar, skøyter, bruker sparkesykkel og rullebrett i skolen sin regi
- er eg klår over at leikeslåssing ikkje er lov
- veit eg at ballspel er lov på bestemte område
- har eg med det utstyret eg treng
- har eg ansvar for at mobiltelefonen blir levert inn til lærar når skoledagen startar
- veit eg at elektroniske spel ikkje skal nyttast i skoletida
- veit eg at snop og tyggegummi ikkje er tillate
- tek eg vare på skolen min

Områdereglar

Avdeling Tau:

- Klatring er bare tillate i tre i skogen innafor inngjerda område, på klatrevegg og klatrestativ.
- Ballspel er tillate i ballbingen, tilvist plass på MIL-anlegget (liten fotballbane i søndre sving og på kunstgraset aust for denne fotballbanen).
- Sykling og bruk av sparkesykkel er bare tillate til og frå skolen.
- Rullebrett kan nyttast på tilvist plass (frå øvste hjørne på ballbingen opp mot gymsalen og området utanfor inngangspartiet til gymsalen)
- Snøballkasting er bare tillate mot oppmerka blinkar (ved gymbygget).

Avdeling Bjørheimsbygd:

- Klatring: Det er lov å klatre i trea og på klatrevegg.
- Ballspel er tillate på fotballbanen og på oppmerka område på asfalten.
- Sykling og bruk av sparkesykkel/rullebrett er bare tillate til og frå skolen.
- Snøballkasting er bare tillate mot oppmerka blinkar.

Tiltak mot brot på ordensreglane

Brot på ordensreglane kan føra til følgande tiltak, etter kor alvorleg brotet er:

- munnleg irettesetjing
- munnleg melding til foreldre/føresette
- skriftleg melding til foreldre/føresette
- inndraging av gjenstandar som blir brukte på forstyrrende, farleg eller provoserande vis; inndregne gjenstandar kan leverast tilbake til foreldre/føresette
- utelating frå aktivitet og plassering i anna klasse i samråd med foreldre/føresette
- pålegg om oppgåver for å retta opp skade dei har gjort på skolens eigedom eller eigneluter (rydda søppel, vaska golv, fjerna tagging o.l.); foreldre/føresette blir informerte, viss råd er, i god tid på førehand; ein kan også, om mogleg, gje dei høve til sjølve å ta del og ta ansvar for at eleven tek del
- vera til stades på skolen før eller etter skoletid i samband med samtaler med lærar/rektor og/eller utføring av pålagte oppgåver; foreldre/føresette blir informerte.

